



Torfinn Myklebust i kommunestyret i dag, saman med partifelle Håkon Røstbø. (Foto:Kristian Hus)

Uskedeling og tidlegare Høgrepolitkar Torfinn Myklebust (Innbyggjarpartiet) utfordra Høgre kraftig under kommunestyremøtet i dag. Han oppmoda sitt gamle parti til å skriva om programmet sitt.

Det skjedde under behandlinga av saka om lovlegkontroll av vedtaket om kulturskulebygget på Husnes.

Men det vart i staden ein omkamp frå mindretalet si side for å få utsett det omstridde bygget.

Knut Prestnes (Senterpartiet)

sa det slik: - Det er omkamp, omkamp, omkamp heile tida.

Torfinn Myklebust konstaterte at valkampen allereie er i full gang. Han minna om at kulturskulen er lovpålagt og meinte det er heilt feil når Høgre hevdar noko anna.

Han undra og på korleis Høgre, som i programutkastet sitt seier nei til bygget, ville stilla seg hvis det kjem til makta. Skal byggjinga stoppa då og murane rivast, ville han veta.

Høgre sin ordførarkandidat Leif Sverre Enes svara på direkte spørsmål at partiet ikkje vil stoppa byggjinga hvis den har kome igang før valet.

- Då må de skriva om programmet dykkar, sa Myklebust.

Lars Magnar Bjelland (Ap): - Torfinn treng ikkje bekymra seg, for Høgre kjem ikkje til makta.

Av Kristia Hus og Ola Matti Mathisen